

OKSU

ÅRSMELDING 2019

Fakta om OKSU:

Etablert	24.02.2003
Medlemskontor	13 kontor
Tal lærekontraktar	Ca. 1250
Tal aktive lærebedrifter:	Ca. 400
Org. Nr.	917 387 427
Heimeside:	www.oksu.no
Facebook side:	OKSU
Vedtekter:	Revidert 05.03.2019; endring av namn på fylke.

Medlemskontor 31.12.2019:

Desse kontora var medlem i 2019

- Bilbransjens opplæringskontor (BOK)
- Byggmestrenes Servicekontor
- BYGGOPP - Opplæringskontoret for Bygg -og Anleggsgfag
- Nordfjord Opplæringskontor
- Opplæringskontor for Elektrofag Sogn og Fjordane (OFEL)
- Opplæringskontoret for anlegg og bergfagene (OKAB)
- Opplæringskontoret for Fiskeri- og Havbruksfag (OKFH)
- Opplæringskontoret for Hotell- og Matfag (OKHM)
- Opplæringskontoret for offentlig sektor i Sogn og Fjordane (OKOS)
- Opplæringskontoret for prosess og mekanisk industri (PRO)
- Opplæringskontoret for tilrettelagt fagopplæring (OKTF)
- Opplæringskontoret for Transport og Logistikk (OTL)
- Sogn opplæringskontor (SOK)

Styret i 2019 har bestått av:

Leiar:	Roald Standnes (BOK)
Nestleiar:	Anne Kauppi (SOK)
Styremedlem:	Hans-Børge Lillehaug (OKOS)


OKSU LEIARVERV 2003-2019

<u>Ar</u>	<u>Leiar</u>	<u>Nestleiar</u>	<u>Styremedlem</u>
2003	Roar Ljøen	Oddrun Bjørnås	
2004	Roar Ljøen	Hans Børge Lillehaug	
2005	Hans Børge Lillehaug	Harald Grotle	
2006	Jorunn Kirketeig	Harald Grotle	
2007	Harald Grotle	Nils Arne Ødegård	
2008	Nils Arne Ødegård	Hans Bruland	
2009	Hans Bruland	Roar Ljøen	
2010	Hans Bruland	John Ove Grov	
2011	Hans Bruland	Roar Ljøen	
2012	Roar Ljøen	Hans Børge Lillehaug	
2013	Hans Børge Lillehaug	Jan Erik Øygard	
2014	Jan Erik Øygard	John Ove Grov	
2015	Jan Erik Øygard	Jorunn Kirketeig	
2016	Jorunn Kirketeig	Roald Standnes	Bjørn Kvalheim
2017	Roald Standnes	Bjørn Kvalheim	Jorunn Kirketeig
2018	Roald Standnes	Anne Kauppi	Jorunn Kirketeig
2019	Roald Standnes	Anne Kauppi	Hans-Børge Lillehaug

På grunn av auka arbeidsmengd blei styret i 2016 utvida med eit medlem.

Rekortmange lærlingar fullfører si fagutdanning

85% av lærlingane i landet oppnår fag- eller sveinebrev innan 5 år, men det er forskjell mellom fylka. Tall frå Utdanningsdirektoratet viser at i Sogn og Fjordane fullførte 91%.



[Kjelde: Kunnskapsdepartementet | Pressemelding | Dato: 27.02.2020 | Nr: 44 - 20](#)

Det har vore OKSU sin ambisjon å ha eit høgt fokus på arbeidet mot fråfall i fagopplæringa.

Yrkesorientering

Det er totalt sett vore ein tilfredsstillande balanse mellom søkarar til læreplass og tilgjengelege læreplassar i dei fleste fag.

Med ei forventa nedgang i ungdomskulla i Sogn og Fjordane vil det vere eit aukande behov for å gjere yrkesfaga attraktive.

Eit tiltak har vore å lage ei felles [digital brosjyre](#) som kontora aktivt har nytta på ulike møteplassar i møte med ungdom.

I tillegg har ungdomskolar i fylket fått tilbod om orienteringar på m.a. foreldremøte.

Representasjon i Yrkesopplæringsnemnda i Vestland fylkeskommune

OKSU har i mange år hatt eit godt samarbeid med administrativt nivå i fylkeskommunen. Dessutan har OKSU hatt møte- og talerett i Fagopplæringsnemnda.

Dette samarbeidet mellom fylkeskommunen og opplæringskontora har i Sogn og Fjordane vore svært nyttig for alle partar.

På initiativ frå OKSU og i samarbeid med dei andre opplæringskontora i Hordaland, blei ordninga vidareført i Vestland fylkeskommune.

Val av opplæringskontora si representasjon i Vestland fylkeskommune si Yrkesopplæringsnemnd er regulert gjennom ein avtale mellom opplæringskontora i heile Vestland.

I tillegg blei det etablert ei arbeidsgruppe som skal koordinere innspel frå opplæringskontora, og hjelpe sittande representant til å førebu seg til møta.

Det er utarbeid ein avtale som over tid regulerer arbeidsgruppa si representasjon i Y-nemnda.



Her er arbeidsgruppa for opplæringskontora i Vestland, frå venstre: **Johan Johansen** (Yrkeslabyrinten), **Roald Standnes** (OKSU) og **Lillian Vabø Mongstad** (repr. fleirfaglege OK i Hordaland).

Sistnemnde er for tida opplæringskontora i Vestland sin representant i Y-nemnda.

Møter 2019:

Styret i OKSU har hatt 4 styremøte og behandla 18 saker. I tillegg har styret hatt tett kontakt mellom styremøta.

Nemner her nokre av sakene som styret har jobba med i perioden:

- Oppdatering og registrering av nye vedtekter
- Dialog med ulike aktørar i Hordaland om samarbeid innan fagopplæring
- Innspel til fellesnemnda Vestland
- Fagfornyninga – nye læreplanar
- Utdanningsmesser etter ulike modeller, organisering og finansiering
- Styrking av miljøarbeidet for våre lærlingar i samarbeid med den vidaregåande skolen
- Møteplan
- Vurdering av studietur
- Informasjon på ungdomskolar
- Felles informasjonsmateriell og annonsering
- Fagbrev på jobb

I tillegg har OKSU gjennomført samarbeidsmøte med opplæringsavdelinga i fylkeskommunen.

OKSU har ved leiar Roald Standnes delteke på møta i Fagopplæringsnemnda.

Økonomi 2019 :

Rekneskapen for 2019 viser eit positivt driftsresultat på kr 29.249.- mot eit underskot på kr 40.865.- året før.

Viser til rekneskapen for detaljar.

Førde, 17. mars 2020



Hans-Børge Lillehaug
styremedlem



Roald Standnes
leiar



Anne Kauppi
nestleiar